

# Saksprotokoll

---

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtedato:** 06.02.2007  
**Sak:** 0017/07

---

**Arkivsak:** 06/01379  
**Tittel:** **SAKS PROTOKOLL: FORSKRIFT OM BANDTVANG OG  
GJERDEHALD I AUSTEVOLL**

## **Handsaming:**

Anne Marie Otterå Halstensen vart permittert.

## **Vedtak:**

Austevoll Kommunestyre vedtek med dette ny forskrift vedkomande beitetid, og gjerdeplikt i Austevoll kommune og forskrift vedkomande bandtvang i Austevoll kommune, og sender forskriftene slik dei er vedtatt til stadfesting i departementet

## **Forskrift om beitetid og gjerdeplikt i Austevoll kommune.**

### **Forskrift om beitetid og gjerdeplikt i Austevoll kommune.**

Fastsett av Austevoll kommunestyre [dato] med heimel i lov av 5. mai 1961 om grannegjerde § 18 bokstav c), jf. kgl.res. av 8. desember 1961.

§ 1. Lov om grannegjerder gjeld fullt ut. Innan Austevoll kommune, Hordaland fylke, skal marka reknast for tenleg til beiting heile året. Av dette fylgjer at jordbruksgjerde skal haldast i lovleg stand heile året.

§ 2. Brot på denne forskrifta er straffbart.

§ 3. Denne forskrifta trer i kraft straks. Frå same tid vert Austevoll kommunesyre sitt vedtak stadfesta av Landbruksdepartementet 31.oktober 1978 oppheva.

## **Forskrift vedk. bandtvang i Austevoll kommune.**

### **Forskrift om utvida bandtvang for hund i Austevoll kommune, Hordaland.**

Fastsett av Austevoll kommunestyre [dato] med heimel i lov 4. juli 2003 nr. 74 om hundehold (hundeloven) § 6 andre ledd bokstav e.

§ 1. I Austevoll kommune pliktar eigar eller brukar av hund å halda hunden i band, forsvarleg innegjerda eller innestengt heile året.

§ 2. Unntak frå bandtvang går fram av § 9 i hundelova. Dette gjeld m.a

- dressert hund brukt til gjeting
- hund i aktiv politi-, militær- og redningsteneste eller under trening eller prøving for slik teneste

- hund i aktiv bruk som ettersøkshund etter såra vilt
- hund brukt til jakt, jakthundtrening og jaktprøving.

§ 3. Brot på denne forskrifta er straffbart.

§ 4. Denne forskrifta trer i kraft straks.